



## Austevoll kommune

Kommunal- og regionaldepartementet  
Postboks 8112 Dep.

0032 OSLO

KOMM. OG REG. DEP	
12 FEB 2005	
04/2771-187	
Ark.	013
Avd.	RA 1 SSA 1 MAG

Vår ref.  
04/01371-011/RAADSH

Arkivkode.  
026

Dykkar ref.  
04/2771-4 MAG

Dato.  
01.02.2005

### DISTRIKTSKOMMISSJONEN SI UTGREIING

Austevoll kommune viser til departementet sitt brev av 14. oktober 2004 og Distriktskommisjonen si utgreiing.

Austevoll kommunestyre handsame denne saka saman med KS sitt høyringsnotat KOU 2004:1 "Sterke regionar" i møte 25. januar i år. Det vart under sak 005/05 gjort følgjande vedtak:

1. *Austevoll kommune har vurdert dei ulike høyringsutkasta på tala på forvaltningsnivå.*
2. *Austevoll kommune sluttar seg til ein forvaltningsstruktur på 3 nivå, stat, vestlandsregion, kommune.*
3. *Eit sterkt regionalt nivå, vil best kunne ivareta Vestlandet sine interesser og utfordringar til dømes innan næringsliv, infrastruktur, helse og kultur.*
4. *Regionane må få tilført/overført saksområder som i dag ligg dels hjå fylkeskommunane, dels hjå staten.*

Til vidare orientering følgjer som vedlegg saksframlegg til kommunestyresak 005/05.

Sentralsadministrasjonen

Reif E. Nøstdal  
rådmann

Steinar Hole  
nestleiar/kontorsjef

Vedlegg:

## SAKSFRAMLEGG.

Sakshandsamar: Steinar Hole  
Arkivsaksnr.: 04/01371

Arkiv: 026

### EIT NYTT REGIONALT NIVÅ - STERKE REGIONAR - LIVSKRAFTIGE DISTRIKT OG REGIONAR - HØYRING

<b>Saksnr :</b>	<b>Utval:</b>	<b>Møtedato.</b>
0005/05	Formannskapet	11.01.2005
0005/05	Kommunestyret	25.01.2005

#### **Formannskapet si tilråding:**

Austevoll kommune har vurdert dei forskjellige høyringsutkastene på talet på forvaltningsnivå.

Austevoll kommune sluttar seg til ein forvaltningsstruktur med 2 nivå, stat og kommune.

Austevoll kommune vil peike på at det er desse to nivåa som har legitimitet i befolkninga. Kommunen er positiv til samarbeid på tvers av kommunegrenser og vil at dette skal bli enda betre i framtida. Eit eksempel er regionråda som er tufta av kommunane. Desse har stor legitimitet og det trur me er nettopp på grunn av at dei er tufta av kommunen. Austevoll kommune ønskjer difor at kommunane på Vestlandet kan gå saman om etablering av ein Vestlandsregion som skal ivareta Vestlandet sine interesser overfor staten. Austevoll kommune trur ein slik region vil ha større legitimitet ved at det er kommunane som har oppretta den enn om den blir eit nytt forvaltningsnivå.

#### **Handsaming/vedtak i Formannskapet den 11.01.2005 sak 0005/05**

##### **Handsaming:**

##### Framlegg frå Helge Andre Njåstad:

"Austevoll kommune har vurdert dei forskjellige høyringsutkastene på talet på forvaltningsnivå.

Austevoll kommune sluttar seg til ein forvaltningsstruktur med 2 nivå, stat og kommune.

Austevoll kommune vil peike på at det er desse to nivåa som har legitimitet i befolkninga. Kommunen er positiv til samarbeid på tvers av kommunegrenser og vil at dette skal bli enda betre i framtida. Eit eksempel er regionråda som er tufta av kommunane. Desse har stor legitimitet og det trur me er nettopp på grunn av at dei er tufta av kommunen.

Austevoll kommune ønskjer difor at kommunane på Vestlandet kan gå saman om etablering av ein Vestlandsregion som skal ivareta Vestlandet sine interesser overfor staten. Austevoll kommune trur ein slik region vil ha større legitimitet ved at det er kommunane som har oppretta den enn om den blir eit nytt forvaltningsnivå."

Framlegget frå Helge Andre Njåstad vart vedteke med 5 mot 2 røyster.

**Vedtak:**

Austevoll kommune har vurdert dei forskjellige høyringsutkastene på talet på forvaltningsnivå.

Austevoll kommune sluttar seg til ein forvaltningsstruktur med 2 nivå, stat og kommune.

Austevoll kommune vil peike på at det er desse to nivåa som har legitimitet i befolkninga. Kommunen er positiv til samarbeid på tvers av kommunegrensar og vil at dette skal bli enda betre i framtida. Eit eksempel er regionråda som er tufta av kommunane. Desse har stor legitimitet og det trur me er nettopp på grunn av at dei er tufta av kommunen.

Austevoll kommune ønskjer difor at kommunane på Vestlandet kan gå saman om etablering av ein Vestlandsregion som skal ivareta Vestlandet sine interesser overfor staten. Austevoll kommune trur ein slik region vil ha større legitimitet ved at det er kommunane som har oppretta den enn om den blir eit nytt forvaltningsnivå.

---

**Saksdok :**

1. Kommunenes Sentralforbund, brev av 13.09.2004 vedlagt høyringsnotat.
2. Kommunal- og regionaldepartementet, brev av 14.10.2004.
3. NOU 2004:19 Distriktskommisjonen "Livskraftige distrikter og regioner".
4. Brev av 25.10.2004 frå Kommunenes Sentralforbund.
5. KOU 2004:1 "Sterke regioner – forslag til ny regioninndeling av Norge"
6. Hordaland fylkeskommune, brev av 16.11.2004.
7. Hordaland fylkeskommune - notat om eit nytt regionalt nivå?

**Bakgrunn:**

Det ligg føre ei rekkje brev og 2 utgreiingar om ny regioninndeling. Kommunal- og regionaldepartementet har hatt eit utval i arbeid – Distriktskommisjonen -, som i NOU 2004:19 er komen med si utgreiing og konklusjonar.

Vidare har Kommunenes Sentralforbund i KOU 2004:1 – Sterke regionar – kome med forslag til ny regioninndeling i Noreg.

Eit samandrag av KS si utgreiing er tidlegare omdelt til kommunestyremedlemene.

Det ligg vidare ved eit drøftingsnotat frå Hordaland fylkeskommune "Eit nytt regionalt nivå?", og høyringsnotat frå KS til KOU 2004:1.

**Vurdering:**

KOU 2004:1 frå KS presenterer 3 ulike mogelege modeller for landet. Det tilrådde alternativet fører til at Noreg vert inndelt i 7 ulike regionar. Vestlandet vert etter denne modellen fylka Rogaland, Hordaland, Sogn og Sjordane samt Sunnmøre og Romsdal i Møre og Romsdal.

Eit alternativ er 5 regionar. På Vestlandet er denne modellen den same som ved 7 regionar.

Eit anna alternativ er 9 regionar. Vestlandet vert delt i Sør-vestlandet (Hordaland og Rogaland) og i Nord-vestlandet (Sogn og fjordane og Møre og Romsdal).

I denne samanheng må det og drøftast, noko som går fram av Distriktskommisjonen, si utgreiing, nemleg om Noreg framleis skal ha 3 forvaltningsnivå eller gå over til 2. Ved to-nivåmodellen vert fylkeskommunen i si noverande form avvikla, og det vert oppretta ein ny forvaltningsstruktur, med berre to folkevalde nivåer.

Distriktskommisjonen er delt når det gjeld synet på forvaltningsnivå.

Fleirtalet på 12 går inn for ein tre-nivåmodell. dei meiner det er trong for desentralisering av makt til både kommune- og regionnivå. Mellom anna ønskjer dei eit langt sterkare regionalt nivå enn dagens fylkeskommune, og meiner at dette må skje gjennom desentralisering av oppgåver og makt frå staten. Sterke sjølvstendige regionar må ha makt til å føreta ei reell territoriell samordning av politikken på dei områda som er viktige for regional utvikling. Meir ansvar og mynde til dette nivået betyr ikkje utan vidare at det regionale forvaltningsnivået må utføra alle oppgåvene sjølv.

Eit medlem i fleirtalet argumenterer for ein modell med rundt 80 regionkommunar, i hovudsak basert på dagens kjente arbeids-, bu- og serviceregionar. Det er ulike synspunkt mellom fleirtalet om kor mange regionar Noreg bør ha i framtida.

Mindretalet (3-medlemmer) går inn for ei avvikling av fylkeskommunen og oppretting av ein ny forvaltningsstruktru med to folkevalde nivå. Først og fremst ser dei for seg ei samanslåing av kommunar, for mellom anna å skapa einskaplege forvaltningsstruktur rundt dei naturlege arbeids-, bu- og serviceregionar som har vakse fram over tid. I tillegg må ein del oppgåver løysast på eit større regionalt nivå.